

Informasjon frå barnehagen

Perle

Kva vi har gjort i september:

Det viktigaste for oss no i september var at ungane skulle bli trygge og at bli kjent med oss vaksne og dei andre ungane. Vi ser at dei no er ganske trygge og er begynt å utforske leiker, ta kontakt med kvarandre og vi får smil og latter.

Vi har fått ny pedagog på avdelinga, Anne Sofie Sjøli.

Framover kjem vi til å ha samlingsstund for 2018/19 på måndagar.

Vi får nytt barn på avdelinga i oktober. Ein gut på 3 år.

Vi har snakka mykje om brann og brannmann Sam. Vi har sett film og det var kjekt. Brannøvinga gjekk veldig fint. Litt høg lyd.

Oktober

Vi har tema vatn denne månaden. I uteleiken kjem ungane til å få bruke ketsjupflasker, sprayflasker osv m/ vatn til å leike med. Vi kjem og til å bruke vasslangen(dersom det ikkje blir minus grader). Det å få hoppe i vatn og kjenne at vi blir litt blaute og kanskje kalde er ein god erfaring. I inneleiken har vi fylt flasker med ulike gjenstandar saman med vatn. Barna kan riste, snu og studere. Vi har kanner m/vatn som kan fraktast, ristast osv. Kuba inne på avdelinga skal bli «fiskedam». Vi skal og bade inne.

Sidan vi skal ha vatn som tema er fint om det ligg badebukse og handduk i hylla. Det er og greitt med mykje bytekle da ungane kanskje blir ekstra blaute denne månaden.

Song og reglar i oktober: **Se regndråper faller, ro,ro til fiskeskjær, ro,ro, ro din båt, vaske brumlemann, vi hopper i vann, historien om de tre små fisk.**

Nye teikn denne månaden: Vatn, ute, inne, bade, fisk, båt, hoppe.

Bruse

I september har me arbeida godt rundt temaet brannvern. Barna tykte dette var eit kjekt tema å arbeide med, så det blei ei veke ekstra. Brannøvinga gjekk fint, men me øvde litt meir på å komme oss raskt ut, men samtidig roleg når klokka byrja å ringe. Barna veit godt kva som er nummeret til brannstasjonen. Mykje fin leik med brannbilen, og me har sett på brannmann Sam. Elles har me hatt tema korleis me er med kvarandre og følelsane våre. Dette er eit viktig tema som me ser me må arbeide enda meir med, og kjem til å ha det med oss vidare framover.

I oktober har me fleire tema me arbeider med. I høve hovudtemaet vårt i år, som er leik, har me denne månaden fokus på rolleleik/dramaleik. Det vil leikemiljøet vårt på avdelinga bære preg av. Elles vil me arbeide litt med årstida me har no, hausten. Dette vil me gjere med å sjå/studere skogen rundt oss, og samle diverse naturmaterieil, som kanskje kan bli til noko spennande til jul. Me ser også at barna er veldig opptekne av kvar alle bur. Me vil arbeide med dette med å teikne eit slags kart på veggen, og henge opp bilete av husa til barna. Me ynskjer at dykk sender bilder av huset dykkar på Bruse sin mobil (45978258).

Praktisk informasjon:

- Matboksar: Skal ligge i hylla til barnet, barnet tek boksen med seg sjølv inn til bordet.
- Me minner om at blaute og skitne klær skal takast med heim og vaskast. Dette er viktig for innemiljøet vårt i barnehagen, og det er heller ikkje godt for barnet dykkar å gå i blaute, og veldig skitne klær. Dersom det heng ein stor kvit pose på plassen dykkar, betyr det at kledda er blaute eller veldig skitne og treng ein vask. Dei må heim til tørk sidan det er trangt om plassane i garderoben. Me ynskjer ikkje at blaute og skitne dressar heng i innergarderoben. Innergarderoben skal vere for kle som er reine og tørre.
- Me observerer at fleire besøker kvarandre på fritida. Det er noko barna gledar seg veldig til, og det er kjempeflott! Det er veldig kjekt for dei som får vera med heim, eller får nokon på besøk, men; hugs: det kan vera veldig sårt for dei som sjeldan/aldri får besøk/får vera med på besøk.
- Me ynskjer å arbeide litt med teikn til tale framover. Me startar med teikn for; heimen min , haust og Frukt; eple, appelsin, pære, drue, kiwi, banan og gulrot(grønsak) Desse fruktene har me ofte i barnehagen.

Felles informasjon

No framover treng ungane å ha på seg innesko. Dei blir blaute når dei går i garderoben, når dei vaskar hender på badet (blir litt vatn på golvet) og dersom brannalarmen går kan ungane komme seg fort ut med innesko.

Judith Vestrheim syng,tegnar og fortel med oss kvar måndag. Ho fortel og syng om han Jo kvar gang. Eit nytt vers for kvar gong. Syng og ro, ro til Siraland, bringebærslåtten, trylleverset mana, mana mana her ut, og ein song om ein rev.